

### **Kyrkjeoffer til Cuba – tekst for å lese opp i kyrka**

Som ein del av den 5-årige venskapsavtalen mellom Bjørgvin bispedøme og den lutherske kyrkja på Cuba, så har vår nye biskop og stiftsdirektøren oppmoda om offer til venskapskyrkja på Cuba.

Situasjonen for folket på Cuba har vore krevjande lenge, og den har siste åra vorte gradvis verre. Kyrkja på Cuba har akutt trong for støtte til løner, til evangeliserande arbeid, ungdomsarbeid, straumutgifter og til ei omfattande diakonal verksemd som femner mange utanfor kyrkja. Saman med Normisjon gjev bispedømet m.a. støtte til løner for dei tilsette i kyrkja.

100 dollar (ca. 1000 kroner) er månadsløn for ein pastor, og du kan i dag gje eit godt bidrag til det.

Reint praktisk så gjev du gåva slik [lokal info om det er ved gang rundt alteret, på Vipps eller anna]

Vi takkar dykk for gåvene de vil gje til venskapskyrka vår, og ynskjer dykk Guds signing!